

Saksframlegg

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/8256-2

Friluftsråd i Sogn og Fjordane

Fylkesdirektøren rår hovudutval næring og kultur til å gje slik tilråding:

1 Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar kommunale initiativ til å opprette interkommunale friluftsråd i Sogn og Fjordane.

2 Sogn og Fjordane fylkeskommune bidreg til oppretting av friluftsråd gjennom informasjon og å etablere kontakt mellom Friluftsrådenes landsforbund og dei aktuelle kommunane.

3 Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein ambisjon om stønad til oppstart av interkommunale friluftsråd i Sogn og Fjordane på inntil 25 000 kr p.r. kommune som vert medlem. Dette under føresetnad av at vilkåra for stønad som er skissert i saka vert halde.

4 Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein intensjon om 100 000 kr årleg driftsstønad til kvart friluftsråd. Dette under føresetnad av at vilkåra for stønad som er skissert i saka vert halde.

5 Det er usikkert kva omfang etableringa av friluftsråd vil få i 2017. Det vert sett av ei ramme på 200.000 kr dekkja av teneste 4005, til disposisjon for hovudutvala; hovudutval for næring og kultur. For seinare år vert etablering av friluftsråd og driftsstøtte til desse å innarbeide i budsjett og økonomiplan.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Friluftsløva § 22 gir fylkeskommunen eit generelt ansvar for å fremje allmenta sine friluftinteresser. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019 har som mål at 4 friluftsråd vert oppretta i perioden.

Det er no gjort vedtak i fleire kommunar i Sogn og Fjordane om å opprette friluftsråd. Eit friluftsråd er eit fast samarbeid mellom to eller fleire kommunar og ev. organisasjonar om nærare definerte felles friluftsoppgåver.

Fylkesdirektøren rår til at fylkeskommunen bidreg til opprettinga dersom det vert oppretta friluftsråd etter kommuneløva § 27, interkommunalt samarbeid og dersom friluftsrådet er medlem i friluftsrådenes landsforbund. Fylkeskommunen bidreg med informasjon og rettleiing samt tilskot til oppstart og drift.

2. Bakgrunn for saka

Friluftslova § 22 gir fylkeskommunen eit generelt ansvar for å fremje allmenta sine friluftslivsinteresser. Kommunane har jf. St.m. 18 om friluftsliv, ansvaret for forvaltninga av dei sikra friluftslivsområda. Det er no gjort vedtak i fleire kommunar i Sogn og Fjordane om å opprette friluftsråd. Friluftsråda i Norge forvaltar dei sikra friluftslivsområda i tillegg til tilrettelegging for aktivitet og informasjonstiltak.

1. Historikk

Det har tidlegare vore arbeid med etablering av friluftsråd både i kommunane og i fylkeskommunen, m.a. vart dette utgreidd administrativt i fylkeskommunen i 2008/2009. Saka har ikkje kome til politisk handsaming tidlegare.

2. Status i kommunane i dag

Stortingsmelding 18 om Friluftsliv plasserer ansvaret for friluftslivsforvaltninga til kommunane.

Kommunane er spurt om si haldning til å etablere interkommunale friluftsråd i desember 2016. 21 av 26 kommunar har svart. Svara er vist i omtalen av dei ulike regionane nedanfor.

Det er naturleg å ta utgangspunkt i etablerte regionar når ein vurderer oppretting av friluftsråd. Vi veit likevel at det kan vere andre fornuftige konstallasjonar. M.a. så vert det truleg oppretta eit friluftsråd på kysten.

Nordfjord

Det er utarbeidd framlegg til interkommunalt friluftsråd for kommunane Bremanger, Vågsøy, Selje, Gloppen, Eid, Hornindal og Stryn. Nordfjordrådet har hatt temaet oppe som sak og støtte etableringa. Vedtaka som er gjort føresett at alle Nordfjordkommunane er med. Fleire kommunar har gjort vedtak om å vere med i dette, mellom anna Stryn. Andre kommunar har fatta negativt vedtak og deretter snudd. Det gjeld mellom anna Gloppen og Selje. Til ei kvar tid har det vore ei eller fleire kommunar som har sagt nei til å vere med.

Kommune	Innbyggjartal	Status
Stryn	7 168 innb.	vedtak om oppretting av interkommunalt friluftsråd
Hornindal	1 200 innb.	Ikkje svart Så langt vi veit er det ikkje fatta vedtak. Dei har fått 25 000 i tilskot frå fylkeskommunen for å utgreie spørsmålet.
Gloppen	5 784 innb.	Ikkje svart
Eid	6 015 innb.	har eit positivt vedtak
Vågsøy	6 046 innb.	har eit positivt vedtak
Selje	2 774 innb.	Ikkje svart Selje har politisk vedteke nei til innmelding, der administrasjonen hadde ei positiv tilråding. Dei har fått 30 000 i tilskot frå fylkeskommunen for å utgreie spørsmålet på nytt.
Bremanger	3 846 innb.	Har ikkje gjort vedtak og avventer saka.

Sunnfjord

Dette er drøfta i Samarbeidsrådet for Sunnfjord samt i Sunnfjord Næringsutvikling. Ingen politiske vedtak er gjort. Dei aktuelle samarbeidskommunane er Gaular, Naustdal, Jølster og Førde, som vil vere den nye kommunen frå 2020.

Kommune	Innbyggjartal	Status
Jølster	3 020 innb.	avventar
Førde	12 900 innb.	avventar
Gaular	2 942 innb.	avventar
Naustdal	2 840 innb.	avventar
Bremanger	3 846 innb.	Har ikkje gjort vedtak og avventar saka
Flora	11 923 innb.	positivt vedtak om friluftsråd på kysten saman med HAFS

Sogn

Styringsgruppa for byregionprogrammet førebur eit notat til kommunane Leikanger, Luster og Sogndal (LLS) der ein tilrår å lage ein felles friluftslivsplan og å opprette Sogn friluftsråd. Det er

vurdert at friluftsrådet i utgangspunktet bør vere for heile regionen, men p.t. vert det berre arbeid med eit friluftsråd for LLS-kommunane. Sogn regionråd gjekk i 2010 ikkje vidare med sak om oppretting av eit felles Sogn friluftsråd for regionen. Sogn Næring er engasjert i saksførebuinga og håpar å ha sak ferdig til politisk handsaming før sommaren.

Kommune	Innbyggjartal	Status
Årdal	5 359 innb.	Ikkje tatt stilling til medlemskap
Lærdal	2 172 innb.	Ikkje svart
Aurland	1 764 innb.	Ikkje tatt stilling til medlemskap
Vik	2 6889 innb.	Ikkje svart
Høyanger	4 161 innb.	Ikkje tatt stilling til medlemskap
Balestrand	1 294 innb.	Ikkje svart
Leikanger	2 298 innb.	Aktuelle
Sogndal	7 839 innb.	Aktuelle
Luster	5 093 innb.	aktuelle

HAFS

Norsk Kystkulturakademi gjennom Prosjekt Kystparken har ansvar for prosjektet, og skriv 15.12.16 «Så må historiebøkene skrives om gitt; - Det blir eit regionalt Friluftsråd på kysten av Sogn og Fjordane (delprosjekt 3 av Kystpark-prosjektet)! Askvoll gjorde nemleg sitt positivt vedtak i går! Så no går Askvoll, Flora og Solund i gang med etableringa omgåande. Prosjektet har sett av nokre midler til å gå "den siste mil" frå vedtak til oppstart og stiller seg til disposisjon for å bidra til ei rask etablering.

Hyllestad, Gulen, Fjaler, Bremanger, etc. er velkommen til å bli med på lag, når dei har fått lagt sine heilskapelege planer og ev. funne inndekning i sine budsjett til ei slik teneste neste år eller seinare.»

Det er mest truleg nok finansiering til å starte opp med eit råd med minimum 1 stilling frå nyttår av (2017).

Kommune	Innbyggjartal	Status
Hyllestad	1 395 innb.	Vedtak om ikkje bli med
Askvoll	3 023 innb.	Positivt vedtak.
Fjaler	2 830 innb.	Vedtak om ikkje bli med
Solund	785 innb.	Positivt vedtak
Gulen	2 370 innb.	Vedtak om ikkje bli med
Flora	11 923 innb.	Ikkje svart, men har gjort positivt vedtak om etablering av friluftsråd på kysten.

Andre samarbeid

Kommunane vart også spurt kva kommunar er det naturleg å samarbeide med om kommunen skulle vore medlem i friluftsråd. Det er i hovudsak dei etablerte samarbeidskommunane ein ser for seg er naturleg å samarbeide med. Unnataket er eit friluftsråd på kysten. Dette er vedteke oppretta med medlemskommunane Solund, Askvoll og Flora. Andre kystkommunar som Bremanger og Vågsøy kan sjå for seg eit samarbeid her, utan at dette er vedteke. Vi ser også at innlandskommunane våre kan sjå for seg samarbeid med nabokommunar i andre fylke, t.d. Lærdal som kan sjå for seg samarbeid med Vang i Oppland og Gulen som kan sjå sørover til Bergen og omland.

Hindringar

Det er stort sett to hinder for å melde seg inn som vert nemnde. Dette gjeld økonomi, der det også vert nemnt at fylkeskommunen må bidra økonomisk. Det andre hinderet er manglande deltaking frå andre kommunar. Eit anna hinder som vert nemnt er manglande informasjon om kva ei innmelding vil tilføre kommunen.

Rammer som må ligge føre for at kommunane kan melde seg inn i friluftsråd er at drifta til ei kvar tid må tilpassast økonomien. Det må også til ein god modell for finansiering og eit godt mandat for friluftsrådet.

3. Organisering av friluftsråd nasjonalt

Friluftsrådenes Landsforbund (FL) er eit landsomfattande samarbeidsorgan for interkommunale friluftsråd. Hovudoppgåva er å arbeide for å styrke det ålmenne friluftslivet gjennom egne initiativ og ved å støtte arbeidet til friluftsråda som er medlem. Dei 25 interkommunale friluftsråda i Norge har totalt 219 medlemskommunar. På Vestlandet finn vi totalt 8 friluftsråd i dei 3 fylka Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal.

Eit friluftsråd er eit fast samarbeid mellom to eller fleire kommunar og ev. organisasjonar om nærare definerte felles friluftsoppgåver. Samarbeidet er formalisert gjennom vedtekter, årsmøte, styre, arbeidsprogram, budsjett, årsmelding og regnskap. Det vert sett ein kontingent frå medlemskommunane til friluftsrådet (normalt eit kronebeløp p.r. innbyggjar). Dei fleste friluftsråd er formelt sett foreiningar med heimel i Kommuneleova § 27.

Samla omsetning i 2015 var 126 mill. kr. Av dette var 30 mill. eigenbetaling frå kommunane, under ¼ av omsetnaden. Det tyder at for kvar krone kommunane legg inn får dei 3 i tillegg. Ein del statlege driftstilskot vert berre fordelt gjennom friluftsrådernes Landsforbund.

Aktuelle oppgåver for friluftsråd

- Sikring av areal til friluftsføremål gjennom kjøp eller varige bruksavtalar.
- Høyringsinstans (bidra med friluftskompetanse) for ulike typar planar og utbyggingstiltak slik at friluftsverdiane kjem fram.
- Avtalar med grunneigarar om sti, skiløype og turveg.
- Tilrettelegging av friluftsområde.
- Drift av offentlege friluftsområde.
- Informasjon
 - Kart, brosjyrar, internett, turbøker, informasjonstavler m.m.
- Aktivitetstiltak, som;
 - Kurs for lærarar (Læring i friluft)
 - Uteskule for skuleklassar
 - Organiserer turar og utearrangement (naturlos)
 - Friluftsferie for born og ungdom
 - Friluftstiltak for funksjonshemma, minoritetsgrupper og andre med særskilte behov

4. Regional tyding

Det er ei rekkje argument som tilseier at det er fornuftig å etablere friluftsråd, også for fylkeskommunen. Friluftsløva gir fylkeskommunen eit generelt ansvar for å fremje allmenta sine friluftinteresser. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019 har som mål at 4 friluftsråd vert oppretta i perioden.

Å etablere friluftsråd kan vere med og fremje allmenta sine friluftinteresser.

- Friluftslivsaktivitet held seg ikkje til kommunegrenser, friluftsråda er naturlege regionar for friluftsliv og difor for arbeid med friluftsoppgåver.
- Effektiv utnytting av ressursar.
- Regional prioritering, friluftsliv vert sett på dagsorden i regionen.
- Friluftsråd er kompetansesenter for friluftsliv: også der kommunane er for små til å ha eigne tilsette til å arbeide med friluftsliv.
- Interkommunalt samarbeid sikrar at regionen har kompetanse innan friluftsliv.
- Utfyller dei frivillige organisasjonane sine aktivitetstiltak med tilretteleggingstiltak i området.
- Utfyller også reiselivet sitt behov for å tilby turistar og tilreisande fleire aktivitetsmoglegheiter.
- Utgiftsdeling mellom kommunane. Kommunar med mange innbyggjarar nyttar friluftsområda til kommunane rundt. IKS der kontingenten er utlikna p.r. innbyggjar gjer at heile regionen bidreg til finansiering av tiltak i de områda som vert brukt mest uavhengig av kommunegrenser.
- Koordinere statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar.
- Helsegevinst av friluftsliv er ein stor folkehelsegevinst.

Det er i dag utfordringar knytt til regionen sitt omdøme som opplevingsregion. Landskapet gror att, kystinfrastrukturen forfell, og både strandsona og fjellheimen er tema for omfattande utbyggingsplanar. I tillegg har vi verdsarvområder og statleg sikra friluftsområder i fylket som skal forvaltast. Dei statlege satsingane innan friluftsliv er omfattande i andre regionar, men har så langt berre i liten grad kome Sogn og Fjordane til gode. Nye aktivitetstrendar, kombinert med veksande internasjonalt fokus på t.d. helseturisme krev god friluftslivsforvaltning. Nye problemstillingar krev nye strategiar og metodar, så vel politisk som praktisk. Dei ugjorte oppgåvene krev kunnskap og handlingskraft i forhold til tur, sport, naturoppleving og folkehelse. Friluftsrådmodellen har vist seg egna til å handtere desse utfordringane og oppgåvene av denne typen.

5. Fylkeskommunane på Vestlandet sitt bidrag til eksisterande friluftsråd

I nabofylka våre er det i alt etablert 7 friluftsråd. Fylkeskommunane bidreg i stor grad til drifta av friluftsråda.

5.1. Rogaland fylkeskommune (ca. 470 000 innb. / 26 kommunar)

4 friluftsråd dekker fylket.

Alle kommunane i fylket er medlem, 3 kommunar er medlem i to friluftsråd.

Friluftsrådet Vest er fylkesoverbyggande, med medlemmer både frå Rogaland og Hordaland.

- Dalane friluftsråd
4 medlemskommunar, FK driftstilskot 0,495 mill. kr. p.r. år. 2 tilsette.
- Jæren friluftsråd
8 medlemskommunar, FK driftstilskot 0,868 mill. kr. p.r. år. 6 tilsette.
- Ryfylke friluftsråd
11 medlemskommunar, FK driftstilskot 0,868 mill. kr. p.r. år. 6 fast tilsette.
- Friluftsrådet Vest
6 (av 12) medlemskommunar, FK driftstilskot 0,868 mill. kr. p.r. år. 7 tilsette.

5.2. Hordaland fylkeskommune (ca. 516 000 innb. / 33 kommunar)

2 friluftsråd dekker fylket, med totalt 23 av 33 kommunar som medlem.

Friluftsrådet Vest er fylkesoverbyggande, med medlemmer både frå Rogaland og Hordaland.

- Bergen og omland
17 medlemskommunar, FK driftstilskot 1,800 mill. kr. p.r. år. 14 tilsette fordelt på 13,1 årsverk.
- Friluftsrådet Vest
6 (av 12) medlemskommunar, FK driftstilskot 0,480 mill. kr. p.r. år. 7 tilsette.

5.3. Møre og Romsdal fylkeskommune (ca. 265 000 innb. / 36 kommunar)

2 friluftsråd dekker fylket, med totalt 24 av 36 kommunar som medlemmar.

- Sunnmøre friluftsråd
9 medlemskommunar, FK driftstilskot 0,210 mill. kr. p.r. år. 4 tilsette.
- Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal
15 medlemskommunar, FK driftstilskot 0,210 mill. kr. p.r. år. 14 tilsette fordelt på 13,1 årsverk.

3. Vurderingar og konsekvensar

Eit friluftsråd er eit fast samarbeid mellom to eller fleire kommunar og ev. organisasjonar om nærare definerte felles friluftssoppgåver. St.m. 18 om friluftsliv, plasserer ansvaret for friluftsområda hos kommunane.

Fylkesdirektøren vurderer det til å vere ei fornuftig innretning for kommunane å samarbeide om friluftslivsarbeidet. Det er ein føresetnad for ein ev. fylkeskommunal stønad at kommunane sitt friluftsrådsarbeid vert organisert som eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova §27. Det er også ein føresetnad at friluftsrådet er medlem i Friluftsrådernes landsforbund. Dei kan støtte

opp arbeidet i det lokale friluftsrådet, samtidig som ein del statlege midlar berre vert kanalisert gjennom friluftsrådernes landsforbund.

Om desse vilkåra er oppfylt rår fylkesdirektøren til at fylkeskommunen bidreg med informasjon og rettleiing, samt tilskot til oppstart og drift.

Storleik

Sogn og Fjordane er eit vidt fylke med mykje natur å ta vare på. Vi er få innbyggjarar og vi kan difor ikkje samanlikne oss med dei andre friluftsråda på Vestlandet når det gjeld innbyggjartal som kan nyte godt av betre tilrettelegging for friluftsliv. Det er også mange turistar i tillegg til lokalbefolkninga som nyttar seg av naturfasilitetane i fylket.

Fylkesdirektøren vurderer at det er tilstrekkeleg tal interesserte kommunar og dei dekkjer eit innbyggjartal som er tilstrekkeleg til å etablere friluftsråd i alle regionane. Som vi ser av omtalen av kommunane/regionale så er det eit friluftsråd på Kysten som ser ut til å bli det første etablerte friluftsrådet i fylket. Sogn og Nordfjord har også kome langt. Slik kan det vere fornuftig at Sunnfjord avventar etablering av friluftsråd slik at «presset» på ei ev. fylkeskommunal medverking gradvis vert auka. Framdrifta er likevel avhengig av at kommunane vedtek oppretting og deira framdrift.

Fylkeskommunal medverknad

Fylkeskommunen har eit ansvar for å medverke til friluftslivsaktivitet og tilrettelegging for dette i fylket jf. Lov om friluftsliv. Dei andre fylka på Vestlandet bidreg i monaleg grad til friluftsråd i deira fylke.

Fylkesdirektøren vurderer at fylkeskommunen bør gi årleg driftstilskot til kvart friluftsråd. Basert på innbyggjartal og at friluftsråda er i ei oppbyggingsfase bør dette avgrensast opp til 100 000 kr årleg, dette som ei grunnfinansiering. Fylkeskommunen må ev. vurdere å auke stønaden på sikt om det vert fleire medlemskommunar i friluftsråda.

Fylkesdirektøren vurderer også det slik at fylkeskommunen bør gi etableringstilskot som ein eingongssum basert på kvar medlemskommune. Slik stønad er allereie gitt til Hornindal og Selje kommune. Stønaden vert avgrensa oppad til 25 000 kr. Dette for å lette driftsøkonomien første år, sidan det tek noko tid å søkje på statlege midlar.

Fylkesdirektøren vurderer at vi har eit finansieringsbehov på inntil 0,6 mill. kr p.r. år når alle friluftsråda er etablerte. Dette er basert på etablering av 3 friluftsråd med driftstilskot og etableringstilskot.

	2017	2018	2019
Friluftsråd kysten, etablering	75 000		
Sogn Friluftsråd, etablering		75 000	
Nordfjord friluftsråd, etablering			100 000 * / 150 000
Drift	100 000	200 000	300 000
Prosjektmidlar	50 000	100 000	150 000
	225 000	375 000	600 000

*Selje og Hornindal har motteke tilskot i 2016

Aktuell struktur for etablering av friluftsråd i Sogn og Fjordane 2017 - 2019

Det er kommunane som vedtek oppretting av friluftsråd. Fylkeskommunen vil halde seg til dei kommunale vedtaka. Struktur for oppstart og finansieringsplan kan difor bli endra.

Aktuell oppstart av friluftsråd

2017: Friluftsråd på kysten; Askvoll, Solund, og Flora. Dekker ca 14 700 innb.

2018: Sogn Friluftsråd; Leikanger, Sogn, Luster. Dekker ca 15 200 innb.

2019: Nordfjord Friluftsråd; Stryn, Gloppen, Eid, Vågsøy, Selje og Hornindal. Dekker 22 941 innb.

Eit ev. Sunnfjord friluftsråd vert avventa.

Fylkeskommunal innsats frametter:

1. Arrangere ei informasjonssamling med Friluftsrådernes landsforbund (FL) og kommunane i Sogn og Fjordane (februar 2017). Friluftslivsorganisasjonane vert også invitert.
2. Vente kommunane sine positive vedtak om oppretting av IKS friluftsråd. Bidra ved oppstart ved behov.
3. Delta i utvikling av innhald og rammer for friluftsråda.
4. Driftsfase med årleg tilskot etter søknad.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren meiner at det vil utvikle friluftslivsarbeidet og tilbodet til innbyggjarar og tilreisande om kommunane organiserer interkommunale friluftsråd. Fylkeskommunen bidreg med informasjon, vegleing og økonomisk stønad til kommunane sitt arbeid med etablering. Økonomisk stønad for 2017 vert gitt i vedtak i denne saka, medan seinare medverknad må innarbeidast i budsjett og økonomiplan.